

HØYRINGSUTTALE – MINIMUMS- OG MAKSIMUMSVERDIANE FOR EIGEDOMSSKATT PÅ KRAFTANLEGG

Skjåk kommune syner til høyringsbrev frå Finansdepartementet av 15. april 2011, kor departementet varslar endringar i eigedomsskattelova § 8 fjerde ledd, om minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg.

Skjåk kommune har innført eigedomsskatt på kraftproduksjon. Dette er ei lokal verdiskaping som kommunen på denne måten tar del i. Som distriktskommune er dette ei god moglegheit for meirinntekter. Meir sentrale kommunar og regionar har meir eigedomsskatt frå anna næringsliv, noko Skjåk kommune har svært lita moglegheit til.

Skjåk kommune meiner at dagens ordning utgjer ein skatterabatt til kraftselskap. Denne rabatten går ut over kommunen og vår tenesteproduksjon. Når målet med heile ordninga er å skattleggje den reelle verdien av kraftproduksjonen, vert det lite prinsipielt å vidareføre ei skatterabatt til kraftselskapa.

Berekningar gjort tidlegare syner at maksimumstaket isolert utgjer ei mindreinntekt for Skjåk kommune på vel 6,5 mill kr. Dette vil kunne utgjere om lag 12 årsverk som vi så gjerne skulle nytta til å stimulere til auka næringsutvikling, bulyst og folketalsauke. Sjukdomsutvikling og samhandlingsreform gjer at vi må utvikle helse- og omsorgstenestene våre. Det må gjerast eit løft for innhaldet i skulen. I budsjetter av vår storleik ville slike summar gjort stor nytte.

Finansdepartementet sitt forslag om å justere maksimumsverdiane i høve til inflasjon er betre enn dagens ordning. Det vil likevel ikkje utgjere ei meirinntekt, berre ei verdisikring av nivået i dag. Det bidreg til å sementere skatterabatten til kraftselskapa, noko som er prinsipielt uheldig.

For å bidrege til ei gjennomføring til ei betre ordning, og for å gjere heile ordninga meir prinsipielt riktig, ynskjer Skjåk kommune at berekningsgrunnlaget for kapitaliseringsrenta vert gjort meir stabil og langsiktig. Dette meiner vi sjølv om renta då vil gå opp, og ei meirinntekt for Skjåk kommune vert noko redusert.

Hovudkonklusjonen til Skjåk kommune er heilt klår:

Skjåk kommune ynskjer å fjerne minimums- og maksimumsverdiane.

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 16.06.2011

Høyringsvar til forslag om endringar i reglane om minimums- og maksimumsverdi for eigedomsskatt på vasskraftanlegg vert godkjent.

Samrøystes